

KV/FIRH

Ugradert

201104255-36

A : 312

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091
0301 OSLO

Dykkar ref: 201104255-12
Vår ref: 2012/174154
Dato: 04.12.2012
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planret, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

UTTALE TIL SØKNAD OM LØYVE TIL UTBYGGJING AV ALDALSELVA KRAFTVERK – SAMNANGER KOMMUNE

Viser til dykkar brev av 13. august 2012 der de informerer om at de har motteke søknad frå Aldal Kraft AS, datert 04.07.2012, om løyve til utbyggjing av Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune. Kraftverket er planlagt med inntak i Fitjavatnet, som er drikkevasskjelda til innbyggjarane i Tysse / Årland. Dette er eit kommunalt vassverk som i Mattilsynet sitt system er registrert å forsyna 1261 personar.

Uttale

Mattilsynet har ikkje tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjera ei detaljert vurdering av i kva grad planlagt kraftutbyggjing vil kunne påverka drikkevassforsyninga til Samnanger kommune - i anleggsperioden, og ved ordinær drift. Inntaket til kraftverket er planlagt etablert sørvest for elveutløpet (det vil bli etablert ei demning i utløpet av Fitjavatnet). Vassverket sitt inntak er på 17 m djup, ca 150 meter ut i sør-enden av vatnet.

Kombinasjonen drikkevatt / kraftutbyggjing i same vassdrag er ikkje uvanleg, og det er ikkje noko prinsipielt i vegen for at ei slik utbyggjing kan gjennomførast. Dette må vurderast i den enkelte sak. Det vil vera ein føresetnad at utbyggjinga ikkje får negative konsekvensar for vassforsyninga. Her er det fleire høve som må vurderast.

Tilhøva under sjølve anleggsperioden må vurderast særskilt. Likeeins må ein vurdere den normale driftssituasjonen etter at utbyggjinga er gjennomført og anlegget er sett i drift. Ein må til dømes vurdere om reguleringa av vassdraget vil kunne få innverknad på vasskvaliteten og forsyningssituasjonen til vassverket. Ei mogleg problemstilling kan vera auka huimusinnhald / turbiditet i vatnet som følgje av nedtapping / regulering.

Dersom det i samband med utbyggjinga blir etablert permanente vegar / nye tilkomstar til drikkevasskjelda, må det også vurderast om dette kan få negative konsekvensar for vassforsyninga, ved at vassforsyninga blir gjort meir tilgjengeleg for publikum, og dermed kan vera meir utsett for forureining gjennom menneskeleg aktivitet mv.

Dette er døme på forhold som må risikovurderast.

Mattilsynet
507000 - Distriktskontoret Hardanger og
Voss

Saksbehandlar: Ole Christian Bjørge
Tlf: 22 40 00 00
Besøksadresse: Sandvenveien 48
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Hugs namnet til mottakaren)

Postadresse: Postboks 383
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

www.mattilsynet.no

Me noterer oss at det i søknaden er opplyst at utbyggjinga ikkje vil koma i konflikt med vannforsyninga frå Fitjavatnet, og går utifrå at denne konklusjonen er basert på ei risikovurdering. Dette forholdet blir best vurdert av Samnanger kommune som eig, driftar og har ansvaret for den aktuelle drikkevassforsyninga. Mattilsynet oppmodar difor Samnanger kommune om å gjera ei grundig vurdering av dette forholdet i sin uttale, jf. orientering til høyringspartane frå NVE:

Kommunen bør gje grunnleggjande synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

På generelt grunnlag ynskjer Mattilsynet å opplysa om forbodet mot forureining av drikkevasskjelder, jf. drikkevassforskrifta § 4:

§ 4. Bestemmelser om forbud mot forurensning av vannforsyningssystem

Det er forbudt å forurense vannforsyningssystem og internt fordelingsnett dersom dette kan medføre fare for forurensning av drikkevannet.

Me viser også til kravet om leveringssikkerheit, jf. drikkevassforskrifta § 11:

§ 11. Leveringssikkerhet og beredskap

Vannverkseier skal gjennomføre nødvendige tiltak og utarbeide driftsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder av drikkevann under normale forhold.

Krav til vannkvalitet:

§ 12. Krav til kvalitet

Drikkevann skal, når det leveres til mottakeren, jf. § 5, være hygienisk betryggende, klart og uten framtreddende lukt, smak eller farge. Det skal ikke inneholde fysiske, kjemiske eller biologiske komponenter som kan medføre fare for helseskade i vanlig bruk.


Drikkevann skal oppfylle kvalitetskravene i vedlegget i denne forskriften.

Samnanger kommune har som vannverkseigar eit ansvar for å sikra etterleving av gjeldande krav i drikkevannforskrifta, og må i denne saka gjera dei nødvendige risikovurderingar, og sikra sine interesser.

Mattilsynet vurderer at det må vera eit vilkår for eventuell innvilging av søknaden, at utbyggjinga ikkje kjem i konflikt med interessene til den kommunale drikkevassforsyninga.

Med helsing

Arne Valland
distriktssjef



Ole Christian Bjørge
førsteinspektør

Kopi til:

Samnanger kommune Tyssevegen 217 5650 TYSSE